

# SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 18  
September 2019  
Årgang 10

## Stipend til Andrea! Gratulerer!



### Les også om

- Berit Ormestad og langeleiken hennar
- Blåtur i langeleikland
- Stipendvinnaren Andrea Søgnen
- Jubileumshelga i oktober
- Slåttespelet i Rogaland

## Kjære alle langeleikvenner:

Vel overstått sommer til alle! Kanskje føler dere som meg, at høsten kom litt «brått» på i år, men regner med at feriemoduset snart må vike for alle kommende aktiviteter. Og sikkert for mange har det vært en travel vår og sommer, med mye som har skjedd. Det har i alle fall vært mange flotte arrangementer på langeleikfronten siden sist: det er kjekt å se alle aktiviteter, kurs og spill som foregår over hele landet.



Av aktiviteter som foregikk i vår, så hadde vi årsmøte i NLF 16.-17. februar på Valdres folkemuseum. Det ble en hyggelig diskusjon under årsmøtet og mange gode ideer ble fremmet av medlemmene. Årsmøtehelgen hadde vi også langeleikkurs med mange deltagere, med instruktørene Marit Steinsrud og Gunvor Hegge. Under årsmøtet ble også stipendet fra Norsk langeleikforum delt ut: vinneren var Andrea Søgnen – vi gratulerer!

På Gjøvik 10.-12. mai fant den årlige folkemusikkhelgen sted, arrangert av Gjøvik Spelmannslag, med stor aktivitet med både langeleik og andre instrumenter i Tingbygningen på Hunn og oppe på Eiktunet. Vi hadde langeleikkurs med Gøril Ramo Håve, som lærte bort stoff fra Telemark. Hurra og hei!

På Jørn Hiltemestemnet i år var det et tre-dagers kurs med instruktør Ingvild Lie, med flere deltagere på langeleik. Norsk Langeleikforum og Jørn Hilme-stemnet inviterte også til kulturhistorisk busstur til langeleikhjem i Valdres, med guiding og spill, mat og mye lokalhistorie.

Landskappleiken i år fant sted i Vågå i slutten av juni, og det var mange deltagere i langeleik: junior og senior i kategorien eldre folkemusikkinstrument og i gruppespill senior. Vi gratulerer Andrea Søgnen med seier i langeleik junior og Knut Aastad Bråten i seniorklassen! Andrea Søgnen bemerker seg for tiden sterkt på langeleik, og det må også nevnes at Andrea er mottaker av Drømmestipendet fra Norsk kulturskoleråd/Norsk Tipping, 2019!

Det er mye fokus på rekruttering, både i Hallingdal og Valdres, men også i Stavanger. Der er det startet langeleikgruppe og vi har hatt flere langeleiksamlinger: vi er nå en gruppe på 7 personer som har regelmessige øvinger. Og fremdeles er det i Nordahl Bruns gate i Oslo langeleiksamlinger annenhver tirsdag arrangert av Valdreslaget. Nybegynnere og øvede er velkommen.

Norsk Langeleikforum er faktisk 10 år i år! Den 19.-20. oktober er det 10-årsmerking på Valdres Folkemuseum, Fagernes. Det blir festmiddag, kurs, samspill, foredrag og konsert – og mye mer! Mer informasjon i denne utgaven av Snerten og på våre hjemmesider.

Vi minner ellers om stipendet: Norsk Langeleikforum har opprettet et stipend til langeleikutøvere og instrumentbyggere mellom 15 og 26 år. Stipendet kan finansiere kurs, undervisning eller annet som gir inspirasjon og kunnskap. Søknadsfrist neste gang er 1.november.

Da ønsker jeg alle en god høst, og håper vi ses på jubileumssamlingen 19.-20. oktober!

Hilsen Lise K. Meling, leder.

### **Styret i NLF**

Årsmøtet vart avvikla på Fagernes i februar, og styret fekk denne samansetjinga:

Leiar: Lise Karin Meling

Styremedlemmer: Brit Totland, Knut Aastad Bråten, Gøril Ramo Håve og Inger Ellen Kolbjørnsen

Varamedlemmer: Inger Frøydis Bakken, Solveig Vatn Weisser og Karine Kjellberg Granli



*Ein fin bukett langeleikentusiastar samla på årsmøtet: Andrea Søgnen, Guri Svindahl, Knut Aastad Bråten, Ingrid Lingaas Fossum, Lise Meling, Brit Totland og Inger Ellen Kolbjørnsen.*

Guri Svindahl og Ingrid Lingaas Fossum går ut av styret no, det same gjer Magnhild Krsrud som varamedlem. Ein stor takk til desse for god innsats for forumet gjennom dei siste periodane!

# Berit Pedersdotter Ormestad

Ei få dei gode gamle langeleikspelaro

Av Erland Nefstad

Berit var fødd på garden Ørmestad i Kvålsrend i 1850, som den yngste av fem sysken, av foreldra Berit Gulliksdotter fødd Høve, og Peder Olson Ormestad. Peder Olson var ein framifrå bonde og timbermann på Ørmestad, og overtok også Øvre Høve etter verfaren Gullik Eivindson, og etterkvart vart dei buande mest på Høve. Dei hadde med seg tenestefolk som heldt til på Ørmestad, som var ein stor gard i gamal tid, både i jord og skog. Eigedomen gjekk samanhengande frå Slidrefjorden, over Kvålsåsen, og ned i Dalsåne.

Ætta var gammal på ørmestadgarden, og dette var ei musikalsk ætt, med spelemannsblod. Knut Pederson fødd 1728, han som kom til Rengstad, som skulle vore den første som tok til å bruke hardingfela i Valdres, høyrd til denne ætta. Sissel Pedersdotter Einang f. 1796, sone-dotter hans, som gifte seg med Endre Olson Fere, spelte langeleik. Dotter deira, Barbro, vart gift med meisterspelemann Knut Jørgenson Ringestad på Sygarden Sørre Røn.

Sissel, dotter til Barbro og Knut - syster til Jørgen Knutson Røn, den store spelemannen, - gifte seg med Gullik Pederson, bror til Berit Ormestad. Og Berit kunne fortelja at ho brukte den same gamle leiken som var etter Sissel f. 1796.

Men langeleiken var ikkje ny på Sissel si tid, for Berit hadde også fortalt at denne leiken tidlegare var komen frå plassen Einebu. No har Einebu vore heimstølen til Nørre Øygarden i Ellestadbygden i lang tid.

Då Berit vart vaksen og laut ut og tene, så tok ho seg arbeid hjå slektingen sin, Ola Tomasson på Kvie, eller «niegarde hjå Tømmøssone,» som dei sa i Høre. Ola Tomasson som var gift med Sigrid Torsteinsdotter frå Røyne, vart tidleg enkemann, og då laut han ha arbeidshjelp på den store garden. Og på Kvie kom Berit til å finne seg tilrette, for ho kom til å vera der i ein mannsalder.

Dei gamle som kunne fortalt om Berit og livet hennar er no løngo borte. Jamvel i Kviisrenden tek minnet om henne til å viskast ut. Noko er skrive om henne tidlegare, av Knut Hermundstad og O. K. Ødegaard. Hermundstad skriv at ho lærde mykje av spelet sitt hjå Guri på Røvangsmoe, ei av systrene hennar Berit på Pynte. Guri, som spelte mykje saman med Berit syster si, hadde det same spelet som henne. Men ho hadde eit mjukare huglynne enn Berit, og hadde eit lettare og finare anslag med spretten, og eit varmare spel som ikkje var så kraftig. Desse systrene reiste på lange turnear saman, og tente pengar med spelet sitt. Frå Høve og nord til Røvangsmoen er det kort veg, berre vel kilometeren, så det fall naturleg for Berit å lære spel av Guri.

Det var så omframt mjukt og fint mål i leiken hennar Berit, fortel O. K. Ødegaard:



«Hona Berit Ormestad har enno ein langeleik, so e burtimot eit par hundre år gamal o e høla ut or ein briskestrangle, so ska vera vøksin paa Einebu, trast nora Ranisæte. No ha Einebu vore støl i hæltanna hundre aar, men før va det ein gar, o dei siste uppsitaradn der va tvær jento, so dei kalla Einebujentudn, o dei sko ha aat denne leiken, o endaa'n ser kji so rar ut, so ha e kji høyrt nokon leik i bygden, so har so fint læte.»

Einebujentudn var kjende for venleiken sin, skriv Tore Ey: «Det seiist, at dei va græskaste jentudn, som kom te Lomiskyrkjun, og so seie det seg sjøl, at dei var vakkre.»



Berit gjekk ugift gjennom livet. Då fekk ho tid til å dyrke musikken, og ho hadde nok leiken som ein god ven. Alle stader hadde ho leiken med seg, og spelte i ledige stunder, skriv Hermundstad. I gamal tid fanst det ikkje opptak av spel. Folket samla seg kring den som spelte, og måtte gripe det i augeblinken. Det er dette som er den levande tradisjonen. Grammofon fanst nok i Berit sine eldre år, men det finst ikkje innspelingar med langeleik frå denne tida. Ho var heller ikkje så mykje utanom heimbygda med spelet sitt. I Tømmøsson si brukstid var det enno kveldsetarbeid kring på gardane, og ho Berit fylde nok kveldseta på Kvie med det vakre spelet sitt så lenge ho var der. Ein lått ho spelte mykje var Ringtøsjo-låtten, skriv Hermundstad. Denne låtten som er til minne om brudefylgjet som drukna ved Ringtøsja i Vangsmjøsen.

Berit var ein viktig informant for Hermundstad i boka «I Kveldseta,» og her fortel Berit sagnet om Ringtøsjo-låtten: «Straks nordanfor Hemsinghalsen i Vang skulde det for lenge sidan ha gått med eit brudefylgje. Bryllaupsfolki skulle til Vange og vigje, eller dei hadde vore der og vigt, og so var dei på veg heim. Nok er det: Det kom so fæl storm på dei, og alle båtane gjekk under med alle som i var, so nær som spelemannen. Han ser det ut til vart berga. Til minne um denne syrgjelege hendingi, skal det stå ein kvit kross i svartberget på øystre sue, nord for garden nordre Hemsing. Spelmannen som var med i brudefylgjet då dette hende, let ein lått som skildrar korleis alt gjekk til. Denne låtten kan eg spela på langeleik eller langhørpe, og han er kalla Ringtøsjo-låtten. Eg lærde han få Guri på Røvangsmoe, syster hennar Berit på Pynte.»

Då Berit vart eldre og gav seg i teneste på Kvie, så flytte ho til bror-dottera Barbro Ormestad, som budde på eigedomen Solvik, like sør for Røn. Ho døydde den 2/12 i 1938, 88 år gamal, og fekk grava si ved Røn Kyrkje.

Litteratur og kjelder:

Kyrkjebok for Vestre Slidre

O. K. Ødegaard: Gamalt fraa Valdres 1911

Tore Ey: Vang og Slire

Knut Hermundstad: I Kveldseta

Knut Hove

Nils Olav Bakken

Foto: Valdresmusea



## Stipendvinnar 2018, Andrea Søgnen

NLF oppretta for eit par år sidan eit stipend til langeleikutøvarar og instrumentbyggjarar mellom 15 og 26 år. Stipendet vart fyrste gong utdelt for 2017, og då var det Ingrid Lingaas Fossum og Solveig Vatn Weisser som fekk det. I år var det ein søker, Andre Søgnen. Juryen gav denne grunngjevinga:



*Juryen har vurdert den eneste innkomne søknaden til stipend fra Norsk Langeleikforum og kommet til at søkeren utvilsomt vil være en verdig mottaker av stipendet. Søkeren har gått i lære i mange år hos flere langeleiklærere fra ulike tradisjoner, og viser med dette en stor vilje til å tilegne seg langeleikspill og bruke det i forskjellige sammenhenger – som solist, til dansespel og sammen med kveding. Ved å delta på kappleiker også utenfor sitt eget distrikt bidrar søkeren også på en viktig måte til å fremme langeleiken som instrument. Denne viljen til å komme ut med spelet sitt og utvikle det videre, kommer også til uttrykk gjennom søknaden.*

*Juryen anbefaler at Andrea Søgnen tildeles stipendet fra Norsk Langeleikforum.*

Juryen har bestått av Ole Aastad Bråten, Svein Westad og Stein Villa.

Andrea mottok også Drømmestipendet frå Norsk Kuturskuleråd og Norsk Tipping for 2019. For å bli litt betre kjende med Andrea, tek vi med søknaden hennar til Drømmestipendet her:

Jeg heter Andrea Søgnen, er 17 år og bor på Gol i Hallingdal. Jeg har spilt folkemusikkinstrumentet langeleik siden jeg var sju år sammen med læreren min Gunnlaug Lien Myhr. Gunnlaug er også kveder og i løpet av det siste året har vi overført noen av de eldste folketonene fra boka hennes «Folkesong i Hallingdal» over til spel på langeleik. I tillegg jobber jeg, Gunnlaug og to andre på langeleik med å lage arrangement av låtter sammen med kvedere. Det er en fin måte å utvikle låttene på.

Jeg driver også med folkedans. Dansen og musikken hører sammen og har vært med på å utvikle forståelse for rytme og takt.

Jeg begynte med langeleik etter jeg var på en konsert på Torpo der jeg så noen som spilte langeleik og jeg hadde lyst til å prøve. Jeg ble meldt på mitt første kurs Ministrunkeveko. Etter det har jeg deltatt Strunkeveko, barne- og ungdomssamlinger i Prestfoss, Storhelg i Hallingdal og andre kurs i Valdres. På slike

kurs blir man kjent med mange som driver med folkemusikk og får mulighet til å spille sammen med flere dyktige langeleikspillere.

Gjennom mine år som langeleikspiller har jeg fått mange spennende muligheter. Jeg har vært med på plata «Hallingspel på langeleik» sammen med Margit Myhr, Sina Myhr, Helga Myhr, Helga Springard og Åse- Marit Jorde. Jeg har vært med som artist på en folkemusikkfestival i Litauen i 2016 og Førdefestivalen i 2018. På disse festivalene er det dyktige musikere og dansere fra mange land i verden. Det er gøy å vise instrumentet til folk fra ulike kulturer og nasjoner som stadig blir overaska over den flotte klangen til instrumentet. Jeg har også fått spille på Oslo riksscene og andre mindre konserter. I tillegg til slike muligheter deltar jeg også på kappleiker og kurs der man møter andre med samme interesse.

Jeg har deltatt på Landskappleik fem ganger, Jørn Hilme-stevnet, samt vunnet buskerudkappleik tre ganger og Oslokappleik i 2018. I tillegg til å spille solospel på kappleik har jeg også deltatt i lagdans og vært spelemann til dansere.

De to siste årene har jeg spilt med Knut Aastad Bråten som er av de fremste langeleikspillerene i landet. Gunnlaug og Knut er begge store inspirasjonskilder. De lærer meg låtter fra både Hallingdal og Valdres.

### **Drømmen**

Musikken og folkemusikkmiljøet er en stor og viktig del av meg. Jeg ønsker å fortsette med folkemusikk så lenge jeg kan og sørge for å ikke bare ta vare på, men også holde liv i de gamle tradisjonene. Jeg liker veldig godt å opptre for å inspirere og engasjere folk til å fortsette eller å begynne med musikk. Jeg ønsker også å utforske langeleiken i kombinasjon med andre instrumenter og få langeleiken inn i en gruppe.

I tillegg til å vise fram instrumentet og holde liv i tradisjonene hadde drømmestipendet vært svært hjelpsomt da folkemusikken ikke er en billig hobby. Instrumentet trenger som andre instrument service, men det er svært få som lager og reparer folkemusikkinstrument på landsbasis.

Kjelde: <https://www.drommestipendet.no/profil/?id=4900>

NLF gratulerer Andrea med begge stipenda og vi gler oss til å høre meir frå henne i framtida!

# Blåtur i langeleikland

## Ein kulturhistorisk busstur til langeleikheimar i Valdres

23 langeleikentusiastar møtte fram til denne reisa som skulle ta oss med til heimane til mange av dei største kjeldene for langeleiktradisjonen i Valdres. Johanna Fuglesteg og Knut Aastad Bråten guida oss gjennom dagen og krydra reisa med god lokalkunnskap, slektshistorie og langeleikspel saman med Elisabeth Kværne som er som eit levande orakel når det gjeld historiene rundt desse gamle kjeldene.



Fyrste stopp var vest for Leira der Ragnhild Olsdotter Viken levde sitt vaksne liv. No er husa borte, men vi kunne sjå tuftene etter husmannsplassen der ho budde. Elisabeth fortalte levande om Ragnhild og livet ho levde og tradisjonen ho bar med seg gjennom spelet sitt.

Så gjekk turen oppover til Øystre Slidre medan vi song Valdressongen av Nils Hovi. Ved Volbu kyrkje finn vi gravsteinen til Marit Jonsrud som av kjelder blir omtala som kanskje ein av dei beste langeleikspelarane gjennom tidene. Marit levde eit strevsamt liv. Hortense Panum og Marit kom godt over eins, og Hortense skreiv opp mange låttar etter henne.

I prestegarden i Volbu fekk vi servert rummegraut og saft før vi møtte Kari Steinsrud på Vangen der Ingrid Skattebu budde på sine eldre dagar. Kari lærde mange låttar direkte frå Ingrid, og vi fekk nokre gode døme på låttar etter henne.

Øvrebygda i Røn er ei fin grensd som har fostra mange gode langeleikspalarar. Her ligg Fystro-gardar, Øygard og Snortheim på rekkje og rad. Johanna Fuglesteg og Sigbjørn Ødegård opna tunet sitt i Hagabekk for oss, ikkje langt unna der Ragna Rogn Fystro og Olav Snortheim budde, og Johanna kunne fortelja om instrument og spelarar i bygda der. Ho kvitterte med ein klokkelått etter mor si, Anna Fuglesteg, spelt på ein langeleik laga av Snortheim.



Siste stopp var på Ulve i Vestre Slidre der Kari Rudi Braute (1846 – 1916) vaks opp. Her vart vi godt mottekne av dagens eigar, Olaus Ulven. Namnet Braute ser ut til å ha gått ut av tradisjonen, og huset Kari vaks opp i, er i fylgje gardsboka for Vestre Slidre flytt til Fagernes og var brukt som bedehus der.

## Svart hav

Rogaland er eit fylke som omfattar både innland og kyst. Det grenser til Hordaland i nord og Telemark, Aust- og vest Agder i aust.

Her er høge fjell og djupe fjordar, skog, dei grønaste sletter ein kan tenkje seg, mektige fossar, stille, mystiske vatn og brusande elver. Så variert som dette landskapet kan ein og tenkje seg tradisjonsmaterialet har vore. I folkemusikkarkivet finst opptak av sjømannssongar, utvandrarsongar, samsong, små songstubbar og regler for barn, salmesong som spenn frå det djupaste, buldrande til det spedaste spede. Her er, ikkje minst, opptak av den tradisjonelle liksongen som vil sende kalde gufs nedetter ryggen din. Arkivopptak gjev oss og opplysningar om at her har folk spela både trekkspel og toradar, munnspele og fele. I museet sin samling finst i tillegg munnharpe og ei slåttetromme.

Men kva med langeleik? Kan det verkeleg vera slik at medan folk har spela langeleik i Telemark, Hordaland og Agder, har Rogaland valt det bort? Merkeleg. Arkivet har ingen opptak, og når eg spør eldre menneske, har heller ikkje dei nokon erindring om langeleikspel. Svart hav! svarte Elisabeth Kværne då eg spurde om ho hadde kome over nokon instrument, eller hadde kome over noko på sine ferder som kan tyde på at det har vore spela. Eg har etter kvart høyrt ein god del av slåttemusikken frå fylket, og kjem ofte over slåttar som ligg godt for langeleik.

Ruth Anne Moen sitt innsamlingsarbeid kjenner dei fleste folk i trad. miljøet til. Ho spela langeleik og brukta slåttar frå felerepertoaret. Det er likevel ikkje snakk om tradert spel, men snarare hennar ynskje om å fremme instrumentet og folkemusikken i fylket sitt.

Slåttane står nedskrivne i Bergteken bind 2 og er m.a Bruremarsj frå Jelsa og Hullaslagje.

Eg vart kjent med dette materialet då eg tok to års permisjon frå læraryrket i Vinje og byrja arbeide ved Ryfylkemuseet i Suldal.

Der fekk eg i oppdrag å sy saman eit opplegg for skulebarn i Ryfylke. Det resulterte i to skuletturnear der omlag 98% av alle skulebarn frå 1.-7.klasse i fjordområda fekk høyre langeleik. Slåttane etter Ruth Anne vart eit godt utgangspunkt og eg fletta dei inn i dei lokale fortellingane eg hadde funne.

Langeleik var eit ukjent instrument for folk i Ryfylke, viste det seg. Kunnskapen om tradisjonsstoffet var heller ikkje overveldande. Men det vart tatt veldig godt i mot. Ein assistent i tjugeåra sa til meg etter ei forestilling at han vart heilt satt ut av «den gitaren» som han kalla det. «Eg er frå Stavanger,» fortsatte han, «og visste ikkje at det fant's slike instrument.»

Det er spennande å bruke slåttemusikk frå Rogaland. Slåttane er korte, har udelt takt og tonane er skeive. Det er ikkje mange lyarslåttar, det meste har vore dansa til. Det kan ein høyre på opptak og. God dansetakt ser ut til å ha vore viktigare enn korleis tonane er, eller om slåtten eigentleg høyrer til på eit anna stille.

Dei skeive tonane sett sitt preg på slåtten og det er ikkje heilt heldig å overføre tonane til ein diatonisk stemt leik. Melodien blir borte. No er det nokon slåttar som har eit tydelegare durpreg, men likevel er det kvart og septim som varierar. Det er dessutan veldig mange slåttar med meir preg av moll. Dette gjev spennande moglegheitar for dagens generasjon med langeleikutøvarar i fylket. Knottane lyt flyttast, helst vera flyttbare på ein enkel måte ettersom tonaliteten varierer.

Det er mykje vokalt tradisjonsstoff å ta av. Her står utøvar friare, då langeleiken i større grad kan nyttast som akkompagnement til songen, og tonane som ikkje passar inn kan velgjast bort.

I regi Rogaland bygdeungdomslag vart det arrangert kurs i Siddsstova i Stavanger, og det er tenkt eit kurs no att i oktober.

Frå november 2017 er langelek eit årleg tilbod ved Folkemusikkhelga i Suldal. Interessa for langeleikspel har synt seg å vera bra, det er eit av tilboda med flest påmeldte. Både unge og gamle møter opp. Dette arrangementet står Folkemusikkarkivet/Ryfylkemuseet for.



På landskapappleiken i 2018 stilte Rogaklang opp på lag spel. Det var god geografisk spreiing på oss 7 utøvarane, der kun 3 hadde direkte tilhørighet til Rogaland, men slåttane var begge frå Ryfylke.

I tillegg stilte Håve&Tåve (meg og Tove Solheim, felespelande jærbu busett i Suldal) opp på gruppespel med roga-slåttar. Dette gjentok me i Vågå, 2019, og då var og Lise Meling med på langelek.

Rogaland Bygdeungdomslag har no kjøpt inn 6 langeleikar og dei har allereie fått kontakt med to unge jenter som gjerne vil lære å spela. Dette lovar godt. Målet er å få dei med til Suldal på Folkemusikkhelga slik at dei kan bli betre kjent med det unge tradisjonsmiljøet i fylket sitt.

Gøril Ramo Håve

## Jubileumshelg for langeleik og forum

Norsk Langeleikforum feirar 10 år i år og i det høve blir det jubileumsmarkering 19.-20. oktober på Valdres Folkemuseum på Fagernes. Det blir kurs og föredrag, festmiddag og konsert – og mykje meir. Kven som er kurshaldar og föredragshaldar er enno ikkje bestemt, men set av datoен alt no. Meir informasjon kjem etter kvart på Facebook og eigne nettsider.

Arbeidet med etableringa av Norsk Langeleikforum kom i gang hausten 2008. Det vart sett ned eit interimstyre med Svein Arne Mæhlum, Marit Steinsrud, Turid Berge, Bent Åserud, Knut Aastad Bråten og Elisabeth Kværne. Fyrste leiaren i laget var Turid Berge.

Norsk langeleikforum er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon og har som mål å vera ein møtestad for utøvarar, instrumentbyggjarar og andre med interesse for langeleiken. Norsk langeleikforum arbeidar for å ta vare på, vidareføre og formidle kunnskap om spel og instrument. Forumet arbeidar òg for å gjera kunnskapen synleg og tilgjengeleg, med tanke på å auke kunnskapsnivå og interesse for langeleiken.

Norsk langeleikforum skal skipe til samlingar, seminar, konsertar og drive opplæringsarbeid gjennom kurs, gjerne i tilknyting til arrangement og/eller i samarbeid med andre organisasjoner.

Treng du overnatting, kontakt Fagernes camping – sjå [www.fagernescamping.no](http://www.fagernescamping.no) – eller Scandic Valdres. Sjå [www.scandichotels.no/hotell/norge/fagernes/scandic-valdres](http://www.scandichotels.no/hotell/norge/fagernes/scandic-valdres)

Knut Aastad Bråten



Konsertforestillinga På Pynté blir sett opp att på Riksscenen. Gjekk du glipp av denne, har du sjansen på nytt laurdag 2. november 2019 kl 20.00.  
For fyldig omtale, gå inn her:  
<http://www.osloworld.no/nyheter-2019/pa-pynte/>

Heimeside: <a href="http://www.langeleikforum.no">www.langeleikforum.no</a>	facebook:	Medlemspengar 2019:
Norsk langeleikforum	e-post:	200 kr

[langeleikforum@gmail.com](mailto:langeleikforum@gmail.com)

Kontonr. 1503.14.71807